



Til ungdomsskulane i Hordaland

Dato: 12.05.2014
Vår ref.: 2014/1058-11
Saksbehandlar: eliwik
Dykkar ref.:

Innrapportering av standpunkt-/eksamenskarakterar i samband med inntaket til vidaregåande skular, skuleåret 2014/2015

Ungdomsskulane må også i år, rapportere standpunkt-/eksamenskarakterar for alle elevane på 10. årstrinn, til Inntakskontoret. (Merk at også karakterar i fag som er avslutta tidlegare enn 10.klasse skal rapporterast, t.d. Musikk og Mat og helse).

Karakterane skal sendast inn gjennom Vigo innsamlingsportal.

Vi ber om at skulane merker seg følgjande i samband med rapporteringa:

For å kunne rapportere til Vigo **må** versjon 1.3.0 0. i datasystemet vere lagt inn. Ta kontakt med systemansvarleg i kommunen dersom du er usikker på om skulen har rett versjon.

Skular som på grunn av manglande datasystem ikkje kan overføre karakterane elektronisk skal sende inn kopi av vitnemålet med evt. fagmerknader (FAM-koder). Karakterane skal sendast til: Hordaland fylkeskommune, Inntakskontoret, Postboks 7900, 5020 Bergen. Merk konvolutten med skulen sitt namn og «karakterar». Slik sending bør vere rekommandert.

Generelt

- Innsendingsfrist: Seinast **onsdag 18. juni kl. 15.00**
- Inntakskontoret har svært høgt arbeidspress og tidsfristar i denne perioden. Vi ber difor om at skulen har ein kontaktperson som kan kontaktast på telefon både i og utover vanleg arbeidstid i perioden 18. til 28.juni. Namn og mobilnummer på denne personen kan sendast på e-post til elin.wikan@hfk.no
- Viser til skriv frå Utdanningsdirektoratet «Føring av vitnemål og kompetansebevis for grunnskole i Kunnskapsløftet» (Sist oppdater 13.01.2014). Skrivet ligger elektronisk på www.udir.no under Regelverk og Vitnemål og kompetansebevis. Viktig å merke seg **før** overføring til Vigo:
 - ◆ Alle elevar som har behov for FAM- og VMM-merknader må ha desse registrert inn. Dette gjeld både på standpunkt- og eksamenskarakterar. **FAM-kodane er særst viktig for at eleven skal få utrekna riktig poengsum ved inntak.** Sjå ovannemnde skriv pkt 2
 - ◆ Elever med fritak sjå ovannemnde skriv pkt 6.
 - ◆ Elevar med individuell opplæringsplan sjå ovannemnde skriv pkt 6 i forhold til karakterane F (friteken) eller IV (ikkje vurderingsgrunnlag).

- ◆ Elevar med særskilt språkopplæring sjå ovannemnde skriv pkt 8. Sjå også forskrift til opplæringslova § 1-11 i forhold til fritak i skriftleg sidemål for elevar som får særskilt språkopplæring.
 - ◆ Ved annullering av eksamen som følgje av fusk fell standpunkt karakteren bort. Sjå ovannemnde skriv pkt. 4
 - ◆ Faget valfag skal over til Vigo og teller med i utrekning av poengsum ved inntak Sjå ovennemnde skriv pkt. 4
- Eleven sin målform (bokmål, nynorsk eller samisk) må vere registrert inn. Utdanningsdirektoratet skal lage statistikk på om elevane endrar målform frå grunnskulen til vidaregåande skule og gjennom det vidaregåande opplæringsløpet. Gjeld og skular som sender inn manuelle lister.

Sjå elles vedlagte informasjon sendt frå Vigo IKS til dei skuleadministrative systema.

Inntakskontoret sine kontaktpersonar i høve til karakteroverføringa er:

Elin Meyer Wikan, tlf. 55 23 92 43, e-post: elin.wikan@hfk.no
Trude Riple, tlf. 55 23 92 41, e-post: trude.riple@hfk.no

Opplæringsdirektøren takkar skulane for godt samarbeid i det skuleåret som snart er ferdig, og ønskjer alle ein god sommar.

Nils Skavhellen
inntaksleiar

Trude Riple
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.